

Merknadar til arealdel av kommuneplanen frå Samarbeidslista og MDG i Meland.

- 1) Midtmarka (BE1) på Flatøy må bevarast som friområde.  
Grunngjeving:  
Verdien som natur- og friluftsområde no, og særleg i framtida med den forventa sterke bustadaugen i nærområda både i Meland og Lindås.
- 2) Næringsområdet N2 (Gudmundsholmen m.m.) må bevarast som friområde og noverande industriareal må ikkje utvidast.  
Grunngjeving:  
Verdien av området som natur- og friluftsområde, særleg som strandsone og marint miljø. Verdien vil auke og vera stadig viktigare å ta vare på i framtida med den kraftige folkeauken som kjem i nærområda både i Meland og Lindås.
- 3) Rotemyra (næringsområde N1) må gå ut, eventuelt omregulerast til bustad.
- 4) Næringsområde N.10 må ut av planen då det er avrenningsområde for Rylandsvassdraget.
- 5) Næringsområde N.8 flyttast, slik at næringsområdet på austsida av vegen vert utvida.
- 6) Næringsområda N.13 og N.14 er basert på ein føresetnad som ligg så langt fram i tid at det er unødvendig å bandlegg desse områda i denne planperioden.
- 7) Området rundt Sagstad skule bør reduserast mot nordvest av omsyn til landbruksjord. Eventuelle nye areal til skular må vurderast i samband med skulebruksplanen.

Frekhaug 30. sept. 2014

Helsing  
Åshild Aamli, Samarbeidslista  
Leif Johnsen, MDG